



Styrar Marianne Bjørnebøle har skapt gode arenaer or faglege diskusjonar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I barnehagen ved Uskedalen Oppvekstsenter er det ei utfordring å ta vare på ei stabil personalgruppe, slik at utviklinga vil kunne halda fram i eit positivt spor med størst mogleg kontinuitet.**

**Det skriv verksemdsleiar Vidar Haugland i årsmeldinga for 2008.**

Han strekar under at personalet treng arbeidsrom, meir lagerrom og betre kjøkenløyising. Dei ser fram til at dagens utfordring om å greia seg best mogleg med den romsituasjonen dei har, vert avløyst av ein situasjon der eigenutvikling, samarbeid, planleggjing og møte kan skje under mykje betre vilkår.

Etter at uteområdet i barnehagen vart oppgradert i fjor, har både skule og barnehage gode og funksjonelle uteområde, som gir høve til mykje god og varfiert aktivitet. Innomhus er ikkje situasjonen like god.

Barnehagen ønskjer ei betre kjøkenordning med ein kjøkenkrok på kvar avdeling i staden for eit kjøttlite felleskjøken for alle. I tillegg er det ønskje om arbeidsplass for det pedagogiske personalet, lagerrom og betre isolering mellom styrarkontor og pauserom.

Haugland held fram:

- Etter kvart, dersom barnetalet vert redusert og Dønhaug Gardsbarnehage framleis eksisterer, kan det bli viktig for barnehagen å selja eit godt produkt.

Det kann vera sunt for utviklinga i barnehagen å vera i ein slik konkurransesituasjon, men vilkåret må vera at kommunen legg til rette for at barnehagen i utgangspunktet er konkurransedyktig, både bygningsmessig og med nok midlar til ei god drift.

Haugland peikar på at styrar Marianne Bjørnebøle i barnehagen har prioritert arbeidet med å skapa gode arenaer for faglege diskusjonar. Det gjeld spesielt med å bevisstgjera kvar vaksen på eigne haldningar og veremåte i deira samvere med barn.

To gode kurs, eitt for assistentar og eitt for pedagogar har, saman med styrar si deltaking på leiarkonferansen i Hellas, vore viktige element i utviklingsprosessen, slår verksemdsleiaren fast.

Av Ola Matti Mathisen